



Bergen maritime videregående skole  
Postboks 6065 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 13.05.2016  
Vår ref.: 2016/1922-7  
Saksbehandlar: marvirk  
Dykkar ref.:

## Investeringsmidlar 2016 - Bergen maritime videregående skole

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til klasesett byggautomasjon, utstyr til trimrom, CNC-styrt vannskjærer, hydraulisk rørbøyer, dreiebenk, modell automasjon, pneumatikkutstyr, hydraulikkutstyr, surface Pro4 nettbrett, fres, og kart, KR maskin, opprettingslaser, 3D-printer og camtasia studio.

Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Bergen maritime videregående skole får innvilga **kr 250 000,- inkl moms** til utstyr. I tillegg får skulen investeringsmidlar til fagskulen.

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellinge.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Ein del skular legg ned utdanningsprogram, og det kan bli moglegheit for å flytte noko utstyr frå desse skulane, til andre skular som treng dette utstyret. Ta eventuelt kontakt med Guro Kjellerød på Opplæringsavdelinga.

**Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017.** Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Jan Kåre Greve  
Cathrine Øvredal Mellingen